



Arkivnr: 2017/4190-19

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet | | |
| Fylkestinget | | 01.10.2019 |

Selskapskontroll av VIGO IKS - RevisjonsrapportBakgrunn for saka:

KONSEK, sekretariatet i 2017 for Sør-Trøndelag fylkeskommune, tok i 2017 kontakt med kontrollutvalssekretariata for fylkeskommunane i landet for å få gjennomført ein felles selskapskontroll av VIGO AS.

VIGO presenterer seg sjølv som nettstaden for deg som skal søkje vidaregåande opplæring i skule eller bedrift, fagskuleutdanning eller vaksenopplæring/realkompetansevurdering. VIGO er eigd av fylkeskommunane i landet i tillegg til Oslo kommune. Selskapet skal ta hand om utviklinga av fylkeskommunen sine IT-system innan vidaregåande opplæring. Selskapet har eit styre og eit representantskap. Representantskapet består av ein medlem frå kvar fylkeskommune i tillegg til Oslo kommune.

Bakrunnen for gjennomføring av selskapskontroll av VIGO er at selskapet står for drift og utvikling av tenester som er særskilt viktige for eigarkommunane. Selskapet har høgt budsjett, få tilsette og gjennomfører komplekse innkjøp av høg verdi. Det er i tillegg stor geografisk spreiing på eigarsida, noko som kan vere ei utfordring og ein risiko ved eigarstyringa.

Kontrollutvalet handsama førespurnaden i sak PS 07/18 i møte 05.02.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje å gjennomføre eigarskapskontroll av VIGO IKS no.
2. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune seier ja til å delta i den pågående forvaltningsrevisionen av VIGO IKS. I dette ligg det også at Deloitte vert stilt til disposisjon for Revisjon Midt-Norge IKS, for å bidra i arbeidet med IT-anskaffelser på inntil 50 timer.

Av den godkjende prosjektplanen går det m.a. fram slikt føremål:

«Formålet med prosjektet er todelt:

1. Å gi kontrollutvalget informasjon om utøvelse av eierskapet i Vigo IKS og bidra til å utvikle eierstyringen hos eierne.
2. Å gi kontrollutvalget informasjon om utøvelse av eierskapet i Vigo IKS og bidra til å utvikle eierstyringen hos eierne.»

Vidare går det fram at revisjonsprosjektet har hatt slike problemstillingar:

1. *Er eierstyring og selskapsledelse i Vigo IKS i samsvar med gitte anbefalinger og eiernes forventning?*

Eierskapskontrolen utføres av fylkeskommunenes/Oslo kommunes egen revisjon, og innretningen på kontrollen blir om eier utøver sine eierinteresser i samsvar med etablerte normer for god eierstyring og selskapsledelse, med fokus på måloppnåelse og rapportering. Dette vil bli belyst ved å blant annet svare på følgende spørsmål:

- *Har eier definert klare mål for selskapet?*
- *Utøver eierfylkeskommunene/Oslo kommune sitt eierskap gjennom representantskapet?*
- *Har fylkeskommunene/Oslo kommune etablert rutiner for oppfølging og evaluering av selskapet, og følges disse?*
- *Er styrets virksomhet etablert i samsvar med gitt føringer og anbefalinger?*

2. *Er det etablert styringssystemer som sikrer at selskapets aktivitet er hensiktsmessig i forhold til de krav og forventninger som er stilt til selskapet, og hvordan er etterlevelsen av disse?*

Det vil være fokus på håndtering av risiko, økonomistyring og ressursstyring.

3. *Følger Vigo IKS regelverket om offentlige anskaffelser?*

- *Følger Vigo IKS sentrale bestemmelser i regelverket om offentlige anskaffelser?*
- *Har Vigo IKS tiltak for å sikre etterlevelse av sentrale bestemmelser i reglene om offentlige anskaffelser?*

4. *Har selskapet tilfredsstillende rutiner for håndtering av personopplysninger?*

- a) *I hvilken grad har Vigo IKS interne retningslinjer og interne rutiner for håndtering av personopplysninger som er i samsvar med lov og forskriftskrav?*
- b) *I hvilken grad er Vigo IKS sin praksis for håndtering av personopplysninger i samsvar med lov og forskrift samt egne retningslinjer/rutiner?»*

Føremål 1 og problemstilling 1 gjeld eigarskapskontrolldelen og denne har ikke Hordaland fylkeskommune vore med på, jf. vedtak i kontrollutvalet 05.02.2018. Føremål 2 og problemstillingane 2 – 4 gjeld forvaltningsrevisjonsdelen og er den delen Hordaland fylkeskommune har vore med på.

Drøfting:

Revisjon Midt-Norge SA har no gjort ferdig selskapskontroll av VIGO IKS og revisjonsrapport med vedlegg er levert og ligg ved som vedlegg 1 til saka. Trøndelag fylkeskommune si politiske handsaming av saka ligg ved som vedlegg 2.

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok 8 februar i år ein rapport frå KONSEK, som no er sekretariat for kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune. Rapporten skulle då verta handsama 12. februar i

kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune. Saka vart sendt fylkestinget i Trøndelag fylkeskommune, der saka vart utsett og sendt tilbake.

Kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune handsama saka på nytt 3. april i sak 27/19, der utvalet vedtok slik innstilling til fylkestinget:

1. *Fylkestinget ber eierrepresentanten påse at selskapet ved styret:*
 - a. *overholder lov om interkommunale selskaper når det gjelder utsendelse av sakliste og protokollering.*
 - b. *synliggjør risiko ved anskaffelser i selskapets strategier og rutiner.*
 - c. *fortsetter med implementering av system for internkontroll og at håndteringen av personvernopplysninger er i tråd med gjeldende lov og forskrift.*
2. *Fylkestinget ber eierrepresentanten i representantskapet til VIGO IKS fremme forslag innen utgangen av 2020 om:*
 - a. *at styret evaluerer sitt eget behov for innhente nødvendig kompetanse i styrearbeidet for å møte fremtidige utfordringer for selskapet.*
 - b. *at styret evaluerer selskapets behov for å etablere et permanent og bredere fagmiljø for å redusere behovet for konsulentbistand.*
3. *Fylkestinget tar rapporten for øvrig til orientering*

Saka vart handsama i fylkestinget i Trøndelag fylkeskommune 24. april i sak 20/19, og følgjande vedtak vart gjort:

1. *Fylkeskommunens sitt eierskap er i all hovedsak i tråd med politiske vedtak, selskapslovgivning og normer for god eierstyring.*
2. *Fylkestinget ber eierrepresentanten påse at selskapet ved styret:*
 - a. *overholder lov om interkommunale selskaper når det gjelder utsendelse av sakliste og protokollering.*
 - b. *synliggjør risiko ved anskaffelser i selskapets strategier og rutiner.*
 - c. *fortsetter med implementering av system for internkontroll og at håndteringen av personvernopplysninger er i tråd med gjeldende lov og forskrift.*
3. *Fylkestinget ber eierrepresentanten i representantskapet til VIGO IKS fremme forslag innen utgangen av 2020 om:*
 - a. *at styret evaluerer sitt eget behov for innhente nødvendig kompetanse i styrearbeidet for å møte fremtidige utfordringer for selskapet.*
 - b. *at styret evaluerer selskapets behov for å etablere et permanent og bredere fagmiljø for å redusere behovet for konsulentbistand.*
4. *Fylkestinget tar rapporten for øvrig til orientering*

Denne saka er gjennomført i regi av kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune. Oppstarten var før samanslåinga av dei to Trøndelagsfylka, og var då i regi av kontrollutvalet i Sør-Trøndelag fylkeskommune. Fylkestinget sitt vedtak er gjort på bakgrunn av rapporten frå Revisjon Midt-Norge med vedlegg, saksframlegget frå Konsek og tilrådinga frå kontrollutvalet. Sekretariatet vurderer saka som godt gjennomarbeidd, og vil rå til at den politiske handsaminga i Hordaland fylkeskommune støtter opp om vedtaket frå fylkestinget i Trøndelag fylkeskommune. Det vert lagt til grunn at oppfølging av fylkestingsvedtaket i Trøndelag fylkeskommune vert gjort av kontrollutvalet der.

Av punkt 7.2 Anbefalinger i rapporten har sekretariatet merka seg at Revisjon Midt-Norge SA kjem med slike tilrådingar:

1. *Undersøkelsen viste at eierskapsutøvelsen på enkelte områder ikke var i tråd med krav og føringer:*
 - *Representantskapets medlemmer fikk sakslisten 21 dager før møtene og ikke minst fire uker før som IKS-loven og selskapsavtalen forutsetter.*

2. *Vigo IKS jobber for tiden med å etablere en tilstrekkelig og hensiktsmessig internkontroll i selskapet. Her må man fortsette det gode og viktige arbeidet. Dette arbeidet bør omfatte alle deler av selskapets virksomhet, herunder en gjennomgang av selskapets håndtering av regelverket for offentlige anskaffelser slik at man unngår brudd på regelverket.*

Konklusjon:

Selskapskontroll av VIGO IKS er gjennomført i regi av kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune. Fylkestinget i Trøndelag fylkeskommune har fått på plass eit vedtak i fire punkt, som går på eigaroppfølging av selskapet.

Sekretariatet rår til at den politiske handsaminga i Hordaland fylkeskommune støtter opp om vedtaket gjort av fylkestinget i Trøndelag fylkeskommune.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Trøndelag fylkeskommune.
2. Det vert lagt til grunn at kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune føl opp vedtaket gjort av fylkestinget i eige fylke.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Revisjonsrapport fra selskapskontroll VIGO med vedlegg
- 2 Sak om politisk handsaming av rapport VIGO IKS i Trøndelag fylkeskommune